



5.april 2024

Til Bremanger og Kinn kommune
 Vestland fylkeskommune

Vedlikehald og punktutbetring på fylkesveg 5711 – Frøysjøvegen i Bremanger og Kinn

FV 5711 fekk god oppgradering og nytt fast dekke på vegen fram til Sørgulen/Sagebø i 2023. Det er folk som bur langs vegen svært takknemlege og glade for.

No vil vi peike på tre forhold til, for å gjøre det endå tryggare og betre å fare på vegen, to tiltak på Bremangersida og eit som også gjeld Kinn. Det er sjølv sagt meir som kan gjerast med denne fylkesvegen som er svært smal og farleg å ferdast på som fotgjengar og syklist. I denne omgangen vil vi peike på tre forhold då fylkeskommunen no uttalar at ein vil satse meir på punktutbetringer.

Det er:

1. Utviding av uoversiktleg sving på Myklebust
2. Autovern i Windspollen
3. Nytt dekke sørover frå Botnane og sørover til Husefest.

1. Sving på Myklebust


Her er lite oversikt, og vegen er smal gjennom heile svingen. Det er ikkje plass for for to bila å passere. Og det er langt å rygge når ein møter nokon midt i svingen. På glatt føre er det fort å kolidere. Ser ut til at det ikkje er så mykje av skrenten som skal vekk før i alle høve det vert betre sikt.



2. Autovern i Windspollen

På strekningen nordover i Windspollen på veg mot Botnane og Årebrot, meiner mange det er behov for meir autovern då det går bratt ned rett i sjøen. Det er autovern eit stykke av strekningen, så kvifor det ikkje går lengre er vanskeleg å kjøne. Dette må kunne gjerast ganske raskt.





3. Behov for nytt dekke sørover frå Botnane

Sørover frå Sørbotnen er vegen etter kvart svært nedkjørd og det er behov for å rette opp og få nytt fast dekke frå Sørbotten og forbi kommunegrensa mellom Bremanger og Kinn ved Husefest.

Vi ber Bremanger og Kinn kommune ta dette opp med Vestland fylkeskommune når kommunane kjem med innspel til fylkesommunen om behovet for utbetrinigar og vedlikehald på fylkesvegane. Men vi sender det også direkte til fylkeskommunen slik at dei er orientert og kan få det med i sine planar så fort som mogleg.

Med helsing

Åsmund Berthelsen
 Botnane og Årebrot grendalag
asmund.berthelsen@vlfk.no
 93237073